



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Møteinnkalling

Utval: Fitjar sokneråd

Møtestad: Kyrkjestova

Dato: Tirsdag 22. oktober 2019

Tid: Kl. 18.30

Forfall må meldast til fung. kyrkjeverje Jan Overweg på e-post eller tlf. 901 97 069.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskilt innkalling.

Innkallinga er sendt til:

| Namn | Funksjon |
|---------------------------|-------------------------------------|
| Sigrid Marie Fangel | Leiar |
| Rasmus Fitjar | Nestleiar N.B. Ord for dagen |
| Helga Olsen Aadland | Medlem |
| Terje Havro | Medlem |
| Mette E. Lambach | Medlem |
| Bodil Nesse | Medlem |
| Gunvald Aarbø | Medlem |
| Sindre Aarbø | Medlem |
| Roald Drønen | Sokneprest |
| Sigurd Andre` Maraas | Kommunal representant |
| Peder Rygg Drønen | 1. varamedlem |
| Arne Prestbø | 2. varamedlem |
| Solbjørg Larsen Tverderøy | 3. varamedlem |
| Tove Helen Løland Aarskog | 4. varamedlem |
| Åse Rygg H. Nøttveit | 5. varamedlem |
| Svein Arne Theodorsen | Vara for soknepresten |
| Agnar Aarskog | Vara for kommunal representant |

Fitjar, 16. oktober -2019

Sigrid Marie Fangel
Soknerådsleiar

Jan Overweg
Fung. kyrkjeverje

Sakliste:

Saksnr. Tittel

**Sak for
kommunal
representant**

| Saksnr. | Tittel | Sak for kommunal representant |
|---------|--------------------------------------|-------------------------------|
| S-42/19 | Budsjett for 2020 | x |
| S-43/19 | Referat frå sist møte | x |
| S-44/19 | Meldingssaker | x |
| S-45/19 | Open post | x |
| S-46/19 | Arrangement i kyrkja sin regi | |
| | | |
| | | |
| | | |

**Sak: 42/19 Budsjett for 2020**

Kyrkjeverja har no utarbeida framlegg til budsjett for 2020. Når soknerådet har gjort vedtak om budsjettframlegget vert dette sendt til kommunen saman med søknad/budsjettbrev. Rådmannen lagar framlegg til budsjett for Fitjar kommune 2020 som skal leggjast fram for endeleg politisk behandling i desember. I rådmannen sitt budsjettframlegg skal det liggja inne tilskot til kyrkja, men kommunestyret kan gjera endring i løyvinga under den politiske behandlinga.

Når kommunestyret har vedteke det endelege budsjettet for 2020, må soknerådet over nyttår vedta detaljbudsjett på grunnlag av tilskotet som kommunestyret har løyvd.

I kyrkja er det løn til medarbeidarane som utgjer storparten av budsjettet. Tabellen nedanfor viser kva stillingar som var bemanna i kyrkjestaben for 2018 og 2019, og kva stillingar me treng å ha i 2020.

| Stilling | 2020 | 2019 | 2018 | Merknad |
|---|------|------|------|------------------|
| Kyrkjeverje | 0,35 | 0,50 | 0,50 | |
| Kantor | 0,65 | 0,65 | 0,65 | |
| Trusopplærar | 0,80 | 0,80 | 0,20 | Vakanse i 2018 |
| Kyrkjegardsarbeidar | 0,50 | 0,50 | 0,50 | |
| Kyrkjetenar/reinhaldar | 0,20 | 0,20 | 0,20 | |
| Administrativ ressurs for prestetenesta og kyrkjekontoret | 0,40 | 0,20 | 0,20 | |
| Sum | 2,85 | 2,85 | 2,25 | |
| | | | | |
| Klokkar på gudstenestene | | | | Frivillig arbeid |
| Kyrkjetenar på sundagar | | | | Frivillig arbeid |

Nedanfor er det kommentarar til ein del postar som rådet bør merka seg:

1. For at budsjettframlegget skal gå i hop, treng me eit kommunalt tilskot på kr. 2.526.340
I 2019 er det kommunale tilskotet på kr. 2.524.400. For å synleggjera velvilje frå soknerådet er det lagt inn kr. 100.000 i bruk av fond.
2. Avdelinga for administrasjon er i budsjettframlegget styrka med 25 % stilling til kontorhjelpe. Ein ser for seg at vikar for kyrkjeverje (35%) får hjelp av kontormedarbeidar (40%) til å ivareta dei administrative oppgåvene.
3. Møtegodtgjersle for soknerådet er budsjettert med kr. 40.000 og uforandra.
4. For kyrkjeavdelinga er det lagt inn lønsmidlar til 65% kantor, 10% kyrkjetenar/reinhaldar og 10 % kyrkjetenar/vaktmeister. Elles er det lagt inn ressursar til maling og vedlikehald av tårnet på kyrkja m.m. med kr. 136.000
5. Tilskotet til trusopplæring, som me får overført frå bispedømet, er på om lag 300.000,-. Dette skal dekkja både løn og andre utgifter ved trusopplæringa. For å få fullfinansiert trusopplæringa er det lagt opp til at kr. 200.000 av det kommunale tilskotet til klokkar og kyrkjetenar vert overført til trusopplæring. Vidare er det lagt inn ei forventning om kr. 43.000,- i gaver til dette arbeidet.
6. Når det gjeld investering, er det sett av kr. 1.890.000 til fornying av gravfelt D, i tråd med planen som er utarbeid av Akasia, samt etablering av namna minnelund.



Fleire detaljar om budsjettet vil verta gjennomgått på møte.

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet sender budsjettframlegget vidare til kommunen med dei presiseringane som kom fram i møte:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

Sak 43/19: Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 25.09.2019.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 25.09.2019.

Sak 44/19: Meldingssaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Prostdag 24.oktober på Bremnes
2. Den administrative kabalen på kyrkjekontoret fram til nyttår
- 3.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Sak 45/19: Open post

Sak 46/19: Arrangement i kyrkja sin regi

Sidan sist møte har det vorte halde fleire arrangement i kyrkja sin regi, slik som gudstenester, trusopplæring m.m. Det kan vera greitt om soknerådet tek ei lett evaluering av desse arrangementa. Soknerådet bør og sjå på kva som skal arrangerast i næraste framtid for å sjå til at planlegging og gjennomføring er sikra på ein god måte.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka.